



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvern avdelinga

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Telefon: 51 56 89 38

Vår ref.: 2008/9240
Arkivnr.: 461.3

Dykkar ref:
Vår dato: 06.11.2008

Norsk Hundefor AS, Hå kommune - Kontrollrapport.

Kontrollrapport nr.: 2008.130.I.MVARO.

Kontrolltype: Inspeksjon

Informasjon om verksemda:

Namn på verksemda: Norsk Hundefor AS	Organisasjonsnr.: 930 286 761
Postadresse: Nylund 30, 4364 Sirevåg	Besøksadresse: Nylund 30, 4364 Sirevåg
Utsleppsløyve: Nei	Bransjenr. (NACE-kode): 15.720
Risikoklasse: Ikkje fastsett	Kommune/kommunenr.: Hå/1119
Kontrolldato: 29.10.2008	Tidsrom for føregående kontroll: Ikkje kontrollert

Tilstades under kontrollen:

Frå verksemda: Jon Kasland (ny dagleg leiar) Bjarne Forberg (tidligere dagleg leiar) Terje Løvbrekke (teknisk sjef)	Kontrollgruppe: Johan Tore Rødland Margareta Skog
--	---

Rapportens innhald

Rapporten gjer greie for dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen.

Hovudtema for kontrollen var:

- Utslepp til vatn (m/ tilhøyrande internkontroll)
- Handsaming av farleg avfall (m/tilhøyrande internkontroll)
- Internkontroll

Resultat frå kontrollen

Fylkesmannen avdekka 3 avvik under kontrollen:

1. Verksemdas internkontrollsystem er mangelfullt.
2. Verksemda har ikkje oversikt over utsleppsmengdene frå reinseanlegget.
3. Verksemda har mangelfulle rutinar for handsaming av farleg avfall.

I tillegg vart det avdekka forhold som medførte følgjande merknad:

1. Verksemda har ikkje oversikt over sine utsleppsmengder frå reinseanlegget.

Avvik og merknader er gjort greie for på side 4 - 6.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Hjemmeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen pålegg verksemda, **innan 1. februar 2009**, skriftleg å stadfesta at tilhøva er brakt i orden og å gjere greie for dei tiltak som er gjennomførde for å retta **avvika**. Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gitt med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagas innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ein eventuell klage bør grunnjevast og skal sendas Fylkesmannen.

Dersom Fylkesmannen ikkje mottek den pålagte, skriftlege tilbakemeldinga innan gitt frist kan vi med heimel i forureiningslova § 73 fatte vedtak om tvangsmulkt.

Vi ber verksemda innan same frist gjere greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar som følgje av **merknaden**.

Rapport godkjent (dato):

Med helsing

Einar Haualand
fung.ass.fylkesmiljøvernssjef

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Bakgrunn

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt for produsentar av fôr til kjæledyr, næringskode 15.720. Norsk Hundefôr AS held tidlegare til i same lokala som Rogaland Pelsdyrfôrlag A/L, men held no til i eigne lokalar med adresse i Nylund 30 i Sirevåg. Hausten 2004 monterte verksemda nytt reineanlegg med pumpetank, siltrommel, feitutskiljar og mengdemålar. Det viste seg at siltrommeltypen som vart montert ikkje fungerte godt nok, og det vart difor i 2005 sett inn eit avsilingsbelte, jf brev frå verksemda av 27.04.05. Prøvetaking og analyse av utsleppsmengde var planlagt, men Fylkesmannen mottok aldri tilbakemelding på at dette vart utført.

Fylkesmannen har nytta kontrollen til å skaffe seg oversikt over verksemdas risikovurdering med omsyn til ytre miljø, utslepp til vatn og handsaming av farleg avfall .

Rapporten omhandlar eventuelle avvik og merknader som er konstatert under kontrollen og som ligg innafor Fylkesmannens forvaltningsområde. Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemdas miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, føresegner heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar).

Merknad: Et tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å påpeke for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

Regelverk

De viktigaste HMS-krava for bransjen verksemda tilhører er samanstilt og ligg tilgjengelig på internett, www.regelhjelp.no.

Heimlane for dei avvik som vert gjeve etter denne kontrollen ligg i følgjande regelverk:

- *Lov om forurensninger og om avfall (forurensningsloven)*, av 13. mars 1981, med senere endringer.
- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven)*, av 06.11.1976, med senere endringer.
- *Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter (produktforskriften)*, av 01.06.2004, med senere endringer.
- *Farlig avfall*, kapittel 11, under *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)*, av 01.06.2004, med senere endringer.
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)*, av 06.12.1996, med senere endringer.

Resultat frå kontrollen

AVVIK:

Det vart funne følgjande avvik ved Fylkesmannens kontroll:

Avvik 1: Verksemda sitt internkontrollsystem er mangelfullt.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5, annet ledd, punktene 4, 6 og 7

Grunnlag for avviket:

- Verksemda har ikkje satt opp mål for ytre miljø.
- Verksemda har ikkje kartlagt risiko med omsyn til ytre miljø.
- Verksemda manglar skriftlege rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovar og føresegner som vedkjem ytre miljø.

Kommentarar:

Verksemda har utarbeidd eit internkontrollsystem som dekker krava til Mattilsynet, men systemet inneheld ikkje risikokartlegging av ytre miljø eller rutinar og instruksar som vedkjem ytre miljø.

Fylkesmannen lukkar avviket når vi mottek dokumentasjon som syner at internkontrollsystemet også omfattar ytre miljø. Freist 01.02.09.

Avvik 2: Verksemda har ikkje oversikt over utsleppsmengdene frå reinseanlegget

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5, annet ledd, punkt 7

Grunnlag for avviket:

- Verksemda har ikkje tatt ut og analysert prøver av avlaupsvatnet frå reinseanlegget.

Kommentarar:

Reinseanlegget som vart installert i 2004 fungerte ikkje tilfredsstillande. Det vart difor bytta ut, og nytt reinseanlegg vart sett i drift sommaren 2007. Det føreligg avtale mellom Norsk Hundefor AS og Hå kommune om påslepping av prosessavlaupsvatn til offentlig nett datert 29.10.04, inkludert krav med omsyn til prøvetaking av suspendert stoff (SS), biokjemisk oksygenforbruk (BOF₅) og feitt. Verksemda har ikkje gjennomført desse målingane. For å lukka avviket må verksemda dokumentere at slike målingar no vert gjennomførte.

Fylkesmannen lukkar avviket når vi mottek kopi av analysebevis for innhaldet av SS, (BOF₅) og feitt i utlaupsvatnet frå reinseanlegget etter det første prøveuttaket. Frist 01.02.09.

Avvik 3: Verksemda har mangelfulle rutinar for handsaming av farleg avfall

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), kapittel 11 Farlig avfall, §§ 11-5, 11-8

Grunnlag for avviket:

- Verksemda har ikkje levert farleg avfall årleg
- Verksemda har ikkje rutinar for utfylling og arkivering av deklarasjonsskjema.
- Verksemda har ikkje avmerka eigen mellomagringsplass for farleg avfall.

Kommentarar:

Søk i nasjonal database for farleg avfall viser at verksemda har levert farleg avfall til Veidekke Gjenvinning Rogaland AS i 2007, men det kan ikkje dokumenteras at det er levert farleg avfall i perioden 2002-06. Farleg avfall skal leverast årleg dersom kvantumet er overstiger 1 kg.

Verksemda leverer farleg avfall til Veidekke Gjenvinning Rogaland AS, som òg har fylt ut deklarasjonsskjemaet. Deklarasjonsskjemaet har ikkje vorte underteikna av verksemda, og verksemda hadde ikkje rutinar for arkivering av utfylde deklarasjonsskjema.

Verksemda har små mengder med farleg avfall. Det er likevel naudsynt å lagre dette på eit avmerka område for mellomagring av farleg avfall, der dei ulike kategoriar som for eksempel spillolje, malingsrestar og sprayboksar vert lagra separat.

Fylkesmannen lukkar avviket når vi mottok kopi av deklarasjonsskjema for levert farleg avfall i 2008. Freist 01.02.09

MERKNADER

Fylkesmannen observerte under kontrollen følgjande forhold som vi vurderer som hensiktsmessig å reagere på ved i gje verksemda såkalla merknader:

Merknad 1: Verksemda har ikkje sortert EE-avfall frå anna metallavfall.



Verksemda har samla metallavfall i eigne plastkar (bilde 1), men har ikkje skild ut avfallet som inneheld EE-komponentar i eige kar. Plastkarene er heller ikkje merka. Merking er viktig for å vite kva slags avfall det dreier seg om, slik at det kan handsamast på riktig måte. EE-avfall kan leverast attende kostnadsfritt til forhandlar ved kjøp av tilsvarende produkt.

Bilde 1: Plastkar med EE-avfall og metallavfall

ANDRE KOMMENTARER

Norsk Hundefôr AS (NH) er eigd av Nortura BA. Verksemda produserer hermetisk hundefôr. Det meste vert eksportert til fast kunde i Tyskland, mens nokre produkt vert produsert for det norske markedet.

NH hadde eit omfattande internkontrollsystem som ivaretok omsynet til produktkvalitet og risikoanalyse i henhold til Mattilsynet sine føresegner. Systemet omfatta ikkje ytre miljø, men oppsettet syntes velegna til å kunne utvidast til også å dekke ytre miljø.

Verksemda ga likevel inntrykk av å ha eit bevisst forhold til ytre miljø, og Fylkesmannen fekk overrakt ei utfyllande oversikt over handsaming av avfall og drift av reinseanlegget.

Det vart nytta naturgass som energikilde, og verksemda hadde eit godt system for utnytting av spillvarmen. Alt avfall vert kildesortert. Det vert i hovudsak nytta kjemikalier godkjende for bruk til human produkter.

Anlegget framsto ryddig både i produksjonslokalet og på utearealet. Produksjonsavfall fra gulvet ble samlet opp for levering til Rogaland Protein AS på Grødaland for destruksjon.

Vann fra spyling av produksjonsutstyr og gulv går til reinseanlegget, som består av siltrommel, silbelte og feitutskillar (bilde 2 og 3). Tørrstoff og feitt går til samlecontainer, som leveres til destruksjon (bilde 3). Reinseanlegget vart reingjort dagleg, og ga som følge av dette eit godt inntrykk.



Bilde2: Roterande feitavskrapar.



Bilde3: Samlecontainer for tørrstoff og feitt.